



Stryn kommune

## INFORMASJON OM RETTEN TIL OPPLÆRING I SAMISK

### Stryn kommune



#### Retten til opplæring i samisk

Samiske elevar har rett til opplæring i samisk språk, uavhengig kvar dei bur i Noreg. Dette betyr at skoleeigar skal tilby opplæring i samisk til alle samiske elevar i grunnskulealder. Samiske barn (barn av forelder/foreldre som står i eller har rett til å stå i samemanntalet), jf. Opplæringslova §6-1.

Elevane/foreldra kan velje om dei ønskjer opplæring i nordsamisk, lulesamisk eller sørsamisk.

#### Plikt til å informere

Skuleeigar skal informere foreldre og elevar om retten til opplæring i samisk, jfr. Opplæringslova kapittel 6. § 6-2 , femte ledd : «*Utanfor samiske distrikt har samar i grunnskulealder rett til opplæring i samisk. Departementet kan gi forskrifter om alternative former for slik opplæring når opplæringa ikke kan givast med eigna undervisningspersonale på skolen*»

#### Retten til opplæring i samisk inneberer at:

- Elevane/foreldra får velje kva samisk språk dei skal ha opplæring i  
– nordsamisk, lulesamisk eller sørsamisk
- undervisning i faget følgjer læreplanverket Kunnskapsløftet – Samisk
- skuleeigar må tilby alternativ opplæring, som t.d. fjernundervisning dersom det ikkje finnes eigna personale
- elevene kan velge samisk som første eller andre språk
- elevane er fritekne frå framandspråk/språkleg fordjuping, men har rett til å velgje ei slik fordjuping om dei ønskjer det (på ungdomstrinnet)
- Elevane avgjer sjølv om dei vil ha opplæring i og på samisk frå og med 8. årstrinnet

Ved registrering som elev i grunnskulen i Stryn kommune kan ein legge inn informasjon om at ein ønskjer opplæring i samisk. Registreringsskjema ligg på heimesida til Stryn kommune.

Om de lurer på noko angåande opplæring i samisk, ta kontakt med din nærskule i god tid før skulestart.

Ved opplæring i samisk treng skulen informasjon om:

- Kva samisk språk det er ønskje om opplæring i.
- Ønskje om opplæring i samisk som første- eller andrespråk (nivå 2 eller 3).